

Referat frå årsmøte i Fogn Grendalag - 03.06.2021

19 medlemmer møtte opp

Møtet byrja med visning av film om dagsturhytteprosjektet i Rogaland.

Det vart også informert og samtala om turstiane etter at det formelle årsmøtet var over. Det er eit veldig "godt driv" i dette arbeidet for tida. Dei som har vore på besøk har kjent på at dei har blitt så godt mottatt på Fogn, noko som gjer at dei ynskjer å gjennomføre diverse prosjekter her på øya. Vi har også søkt om og fått diverse midler, mellom anna 10 000 kroner til ein grill i Skinnvika.

Sakliste

SAK 1 - GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Godkjent

SAK 2 - VAL AV MØTELEIAR, REFERENT OG PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR

Heidi Bø Sangedal vart valt til møteleiari

Håvard Østhush vart valt til referent

Pål Rune Grønås og Inger Marie Egeland vart valt til protokollunderskriverar

SAK 3 - ÅRSMELDING

Heidi Bø Sangedal las opp årsmeldinga, som også vart delt ut i møtet.

Årsmeldingen vart godkjent med kommentarar om at grendalaget har gjort mykje god jobb også det siste året.

SAK 4 - REKNESKAP

Christoffer Inge Hovda la fram rekneskapen, som også vart delt ut i møtet.

Rekneskapen vart godkjent med eit par kommentarar:

- Filmkvelden i 2019 ser ut til å vere ført netto (inntekter minus utgifter). Det er viktig at både utgifter og inntekter kjem fram i rekneskapen.
- Kulturbasaren vart ikkje gjennomført i 2020, det hadde vært flott om denne kom tilbake igjen.
- Fogn.org er betyr mykje for Fogn, og det er viktig at dette arbeidet blir verdsett.

SAK 5 - VAL AV STYREMEDLEMMER OG LEIAR

Håvard Østhush la fram innstillinga, på vegne av valnemnda, som i tillegg til Håvard har bestått av Monika Stensland og Ole Klingsheim.

Desse står igjen i styret:

- Tora Sandanger
- Jon Olav Runestad
- Christoffer Inge Hovda

Valnemnda foreslo desse nye styremedlemmene for to år:

- Ole Klingsheim (leiari)

- Liv Bottolfs
- Arnstein Bø
- Oddny Kjølvik

Alle desse vart valt ved akklamasjon.

Valnemnda foreslo denne nye valnemnda

- Håvard Østhush, leiar 1 år
- Ivar Opsal (ny), 2 år
- Heidi Bø Sangedal (ny), 3 år

Alle desse vart valt ved akklamasjon.

SAK 6 - YMSE

- Arnstein Bøe nemnde viktigheita av båthavn på Fogn, og minna om at vi har jobba med Eidsvåg tidlegare. Dette skulle vi ha jobba aktivt med framover!
- Christoffer Inge trakk fram kor bra det var med filmkvelden som vart gjennomført i januar 2020.

Møtet var slutt kl. 20.15.